




Førstemann som pissa på månen

Buzz skal reise til månen. Han er sur fordi han ikkje får vere den første til å gå på månen. Sjefane hans har bestemt at han skal vere nummer to. Neil skal vere nummer éin. Buzz synest det er urettferdig.

Neil er kaptein på romferja, Buzz og Michael er med. Dei er klare til å dra.

– Har alle vore på do? spør Neil.

Buzz vil ikkje seie noko. Dei set seg i romskipet. Nedteljinga begynner. 10, 9, 8, 7, 6, 5, 4, 3. På 3 kjenner Buzz at han må tisse. Veldig. Men han lukkar augo og



konsentrerer seg om å vere sur.
Då går det over.

2, 1, 0! Raketten fyk oppover,
rett til himmels.

Ute i verdsrommet klarer
nesten ikkje Buzz å vere sur
lenger. Han blir så glad. Kanskje
han kan overtale Neil til å la han gå
først ut, likevel? Han spør. Neil svarer nei.
Buzz blir endå surare og kranglar med
Michael. Michael skal ikkje vere med heilt til
månen. Han skal sitje i ein kommandosentral ute
i verdsrommet. Men det synest ikkje Michael gjer
noko. Han er berre glad til.

– Tenk om månen eigentleg berre er støv, seier han.

– Då søkk de rett ned. Eller tenk om det er månepest
eller kolera der? Eller ein annan mystisk månesjukdom
som ingen har høyrte om? Ingen kan vite, seier Michael.

– Sidan ingen har vore der før.

– Sprøyt, seier Buzz. Han er så sint at det sprakar i
panna. Han vil leggje seg i soveposen.

– Hugs å tisse først, seier Neil.

Buzz tissar i ein ekkel tissepose. Han synest at
forskarane kunne funne på noko betre. Å sende folk til
månen klarer dei. Men å lage ein do i eit romskip, det får
dei ikkje til!

Oppgåver:

Sjå Elevbok 5A side 41.

Gjer oppgåvene 3, 5a, 5b, 6, 7a, 7b, 8 og 9.